



NST Agenturer v/Svein Nilsen  
Leirvikvegen 75  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/3519 - 16/32266

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.11.2016

## Løyve til etablering av minireinseanlegg - gnr 214/78 Fyllingsnes

### Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Laila Kalnes  
Ansvarleg søker: NST Agenturer  
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg.

Søknaden omfattar også leidningsnett. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.11.16.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremål.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.11.16.

På situasjonsplanen syner plassering av minireinseanlegg.

### Vatn og avløp (VA)



Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til privat avlaup.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 14.11.16. Utsleppsløyve gjeld for minireinseanlegg med utslepp til bekk med heilårs vassføring.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Leidningsnett fram til utsleppstad går ikkje fram av situasjonsplanen. Det må i søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve sendast inn nytt situasjonskart der dette er teikna inn.

#### Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### Ansvarsretter

I søknad er det sendt inn erklæring av ansvarsrett. Det er ikkje sendt inn dokumentasjon på at foretaket har sentral godkjenning, og kommunen kan heller ikkje sjå at foretaket NST Agenturer er sentral godkjent. Det vert difor vurdert at det søker om lokal godkjenning av ansvarsrett.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i SAK § 11-4 6.ledd vert det gjeve lokal godkjenning for NST Agenturer for funksjonane SØK, ansvarleg søker, PRO, ansvarleg prosjekterande og UTF, ansvarleg utførande.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av minireinseanlegg på følgjande vilkår:**

**Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 03.11.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

**2. Tiltaket skal etablerast og driftes i samsvar med utsleppsløyve i vedtak 14.11.16.**

- 3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.**
- 4. Faktisk plassering av tiltaket og tilhørende rør til anlegget må være målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3519

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrechtslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Laila Kalnes                    Kalvatræ 23 A                    5911                    ALVERSUND

**Mottakarar:**

NST Agenturer v/Svein Nilsen                    Leirvikvegen 75                    5936                    MANGER